



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 16.06.2016

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Komunestyresalen, Odda rådhus

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordførar Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordførar Ingebjørg Winjum t.o.m. Sak 34/16.
Jondal kommune:	Ordførar Jon Larsgard – Rådsordførar
Kvam herad:	Ordførar Jostein Ljones
Odda kommune:	Ordførar Roald Aga Haug
Ullensvang herad:	Ordførar Solfrid Borge
Ulvik herad:	Ordførar Hans Petter Thorbjørnson - Rådsvaraordførar
Rådmannsforum:	Rådmannsforum, Siv Helle Prestegard
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim

Til dialogmøte vedr. Samferdslesituasjonen i Hardanger møtte:

Olav Finne SVV, John Martin Jacobsen HFK,

Forfall:

Agenda:

09.00 – 10.00	Sakshandsaming
10.00 – 11.30	Samferdslesituasjonen i Hardanger. Dialogmøte med Statens vegvesen v/Olav Finne
11.30 – 12.30	Lunsj
12.30 – 13.00	Nytt Museum/Galleri i Hardanger ? - Orientering ved Johild Mæland og Astrid Grønsnes
13.00 – 15.00	Sakshandsaming

Orienteringar:

Nytt Museum/Galleri i Hardanger ?

- Orientering ved Johild Mæland og Astrid Grønsnes

Dialogmøte med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

Hardangerrådet hadde varsla desse tema til drøfting i møtet:

- Beredskapsplanar som sikrer best mogeleg trafikkflyt på Fv 7 når denne fungerer som omkjøring for E16 Trengereid – Voss
 - Olav Finne orienterte om hendinga med raset 8. juni på E16 ved Bolstadøyri. Tiltak for trafikkavvikling via omkjøringsvegen Fv 7 kom for seint i gang og dette skapte store trafikale problem den første dagen. Det tok for lang tid før informasjon til trafikkantane om beste omkjøringsveg, trafikkdirigentar og ledebilar for kolonnekjøring var på plass. Dette vil Statens vegvesen ta opp med entrepenøren og sørge for betra rutinar ved framtidige stengingar på E16. Regionrådet påpeika at det var til dels kaotiske tilhøve på Fv7 den første dagen og dette kunne fått alvorlege konsekvenser om naudetataane skulle ha behov for å nytta denne vegen.
- Tiltak for utbetring av Fv 7 for å gjera vegen eigna som omkjøringsveg
 - Olav Finne viste kart med oversikt over smale parti og skredpunkt for strekninga Trengereid – Ulvik, Fv7 og Fv572. Det er svært store investeringar

som krevst for å gje Fv7 tenleg som omkøyringsveg for E16. Dei næreste åra kan ein ikkje rekna med å få utført anna enn mindre punktvise tiltak på denne vegen.

- Informasjon til trafikkantar om alternative ruter aust – vest
 - Etter rashendinga 8.06. vart det frå 9.06. plassert informanter i strategiske kryss som, Trengereid, Hagaåstunnelen i Tysse, Norheimsund og Granvin. I tillegg vart det gjeve informasjon på nett og gjennom trafikkinfo på radio. Regionrådet føreslår at dei store spedisjonsfirma får direkte informasjon ved framtidige hendingar. Dette vil gje sjåførar på tunge køyretøy raskare og betre informasjon om kva vegar dei bør velja som omkøyringsveg.
- Auka kapasitet på ferjesamband som inngår i omkøyringsruter / alternative ruter aust - vest.
 - John Martin Jacobsen orienterte om kva mogelegeithei HFK v/ Skyss har for å omdisponera tilgjengeleg ferjemateriell i Hardangerfjorden. Ein kan styrka kapasiteten på Kvanndal – Utne med ei supleringsferje, men sambanda Jondal – Tørvikbygd og Gjermundshamn – Varaldsøy – Årsnes må trafikkerast med berre ordinært materiell.
- Tiltak for betra trafikkflyt på Rv 13 gjennom Hardanger Jfr. Tidlegare søknad om trafikklys i samband med sommartrafikken
 - Olav Fine viste til tidlegare søknader om trafikklys regulering mellom Bu og Eidfjord. Tidlegare har partiet ved Berget vore det mest utfordrande, men seinare har også partiet ved Bjotveit skapt kork og kaos. Statens vegvesen har drøfta trafikklysløysinga på nytt, men er fortsatt negative til å iverksetja eit slikt tiltak. Dei meiner det vil skapa nye og større problem fordi vegbreidd ved trafikklys (oppstilingsplass) er for smal og lengda på det lysregulerte området vil verta for langt (26 minutt mellom kvar kolonne i same retning). Regionrådet tilrår at Statens vegvesen gjennomfører ein prøveperiode med lysregulering slik at ein får ein praktisk test av korleis dette vil fungera.
- Planar for framtidig løysing vedr. ny Rv 13 langs Gravinsvatnet.
 - Statens vegvesen driv fortsatt med undersøking av grunnen i rasområdet med tanke på utfylling med tunnelstein men har ikkje konkludert med kva løysing ein skal velja for framtidig veg gjennom området.
- Andre tema tatt opp i møtet:
 - Rv13 Brattlandsdalen. Denne vegen vil sannsynlegvis få stor trafikkauke etter opninga av Ryfast i 2019. Før det bør det gjerast tiltak for standardheving og skredsikring. Ordførar Roald Aga Haug, Odda uttrykte stor uro for konsekvenser av den därlege skredsikringa og vegstandarden i området. Olav Finne bad om å få oversendt innspel ift. tiltak på Rv13 i Brattlandsdalen.
 - Asfaltering. Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik uttrykte ønske om at arbeidet med reASFaltering av fylkesvegane må verta intensivert. Forfallet ser ut til å auka. HFK har redusert ramma til asfaltering i 2016 samanlikna med 2015 og dette medførar mindre asfaltering enn ønskeleg. Ein ser no tydeleg eit aukande gap mellom dei vedtatte rammer og reelt behov i til drift og vedlikehald av fylkesvegane.

Orientering:

Nytt Museum/Galleri i Hardanger ?

- Orientering ved Johild Mæland og Astrid Grønsnes

Regionrådet fekk orientering om planar for eit mogeleg kunstmusem i Hardanger.

Initiativtakarane frå Kunstgruppa i Agatunet gav ei svært god orientering om prosjektet og bad om støtte frå Hardangerrådet i det vidare arbeidet mot mogeleg realisering.

Hardangerrådet er alt med i Arbeidsgruppa og vil ta initiativ til neste møte.

Arbeidsgruppa vil ha neste møte før Regionrådet samlast igjen den 15.09. Til dette møtet vil det verta lagt fram ein plan for Forprosjekt.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:
Ingebjørg Winjum og Hans Petter Thorbjørnson

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

HR-sak 29/16 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 28/16.

- Orientering om organisering og finansiering av tenester etter BRB.
- Orientering om Regionalt veikart for industriutvikling
- Orientering om Smart Brønn teknologi Senter
- Orientering om Hagefest på Gamlehaugen 25. juni
- Skattekontor – endringar.
- Nye oppgåver for større kommunar
- Kommunelova – Høyring Frist 1. oktober MRK Innspeil frå rådmannsforum.
- Revisjon forvaltningslova Høyringstid 15. september
- Skyss til Hagefest 25. juni.
- Telenor 4G-nett møter i regionen. Dekningsområder MRK Hardangervidda.
- Orientering om veteranbåt på Hardangerfjorden

HR-sak 30/16 Meldingar

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

**HR-sak 31/16 Status for kommunestrukturprosessen i Hardanger –
Gjensidig informasjon frå kvar kommune.**

Jondal:

Knapt fleirtal i folkerøysting for å stå åleine som eigen kommune. Ap + H + Krf ville røysta for samanslåing i kommunestyret. Sp ville røysta for å fortsetja som eigen kommune. Resultat vart 1 stemmes fleirtal for å fortsetja som eigen kommune

Granvin:

Fleirtal i folkerøysting for samanslåing i Hardanger. Andreval å søkja samanslåing med Voss kommune. Handsaming i kommunestyret: Fleirtal for Hardangerkommune med 3 eller 4 partar. Dersom dette ikkje er mogeleg vil Granvin søkja mot Voss.

Eidfjord:

Har ikkje gjennomført kommunstyrehandsaming.

Odda:

Vil vidareføra arbeidet med samanslåing.

Ulvik:

Har gjennomført heradsstyremøte. Vedtak om samanslåing med ein eller fleire Hardangerkommunar. Subsidiert å stå åleine som eigen kommune.

Ullensvang:

Folkerøysting gav fleirtal for Søralternativet med Odda og Jondal. Heradsstyret handsama saka 8.06. med fleirtal for å gå vidare med drøftingar om samanslåing med Odda og Jondal. Vil avventa vidare prosess inntil Fylkesmannen har levert sin uttale.

Kvam:

Har laga intensjonsavtale med Samnanger. Har gjort einstemmig vedtak i heradsstyre om å byggja ein ny kommune med Samnanger. Samnanger skal folkerøysting denne veka.

Det vart drøfta korleis ein ser Fylkesmannen si handsaming vidare.

Det vart også drøfta kva konsekvenser ein ser for Hardangersamarbeidet vidare. Konsekvensane vil ikkje avklarast før endeleg vedtak er gjort i Stortinget. Det er viktig å halda fast ved Hardangersamarbeidet i dei nærmaste åra.

Kommunane bør samla seg om fellesprosjekt som kan utvikla Hardanger og vera til nytte for alle kommunane, styrka samhaldet og skapa ny vekst i regionen.

Innspel frå rådmannsforum om at det er viktig at rådmenn og ordførarar drøftar dette saman.

HR-sak 32/16 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Kvam:

Kommunestruktur og samferdsel er dei store sakene. Kvammapakken 2 skal førebuast i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Eks. Rassikringsprosjekt i Tokagelet. Samanhengande gang- og sykkelveg Øystese – Norheimsund.

Kvam familie- og læringssenter som utviding av Kvam rådhus.

Nye barnehager vert tatt i bruk etter sommarferien.

Ullensvang:

Adresseprosjektet er ikkje ferdigstilt. Set inn ekstra ressursar for å få dette ferdig.

Reguleringsplan Kinsarvik – Kyrkjeneset mot slutthandsaming.

Overskotsmassar frå Dealdo til Lofthus sentrum.

Reguleringsplan ifm Hauso skule.

Kommunereform og samferdsel.

Ulvik:

Gang og sykkelveg i sentrum. Byggestart i september.

Arealdel kommuneplan. Sjukeheim. Fleirbrukshall opning hausten 2016 (skulestart)

Vidare drift ved Hjeltnes.

Odda:

Odda kommune har gått inn som eigar i Wellguard. Utvikling av Subsea-klynge i Odda.

Utvikling av større Subsea-samarbeid i regionen.

Reguleringsplan for Smelteverkstomta.

Utfordringar ifm Trolltungaturismen.

Flomsikring Opovaldraget. Evt. konsesjon for kraftutbygging ifm sikringstiltak.

Pilgrimsenter i Røldal. Sentrumsplan i Røldal

Samferdsel: Brattlandsdalen, Oddadalen, Odda-Tyssedal

Eidfjord:

Samferdsel: Rv 7 som veg nr 2 aust-vest

Kommunedelplan for Sysendalen.

Sjukeheimsutbygging. Ferdigstilling VA-utbygging langs riksvegen i Sysendalen.

Kabelframføring til Skottland - planlegging. Vil frigjera varme som kan nyttast til næringsføremål.

Energimeldinga – Positive signal.

Granvin:

Bustadområde – Reguleringsplan på to område i sentrum.

Opprusting av kommunale vegar.

Flytta barnehagen ned til skulen Laga oppvekstsenter

Flaumsikring

Jondal:

Avslutning av adresseprosjekt. Avklaring med Ullensvang kva veg som skal ha namnet Folgefonna-vegen.

Reguleringsplan for Helleura.

Planlegging av skuleutbygging.

Rassikringsprosjekt for bustadfelt og industriområdet.

Ferjetilbodet Tørvikbygd – Jondal.

Fullføra arbeidet med oppstillingsplass for ferjetrafikken.

Konsesjonssaker for nett.

HR-sak 33/16 Informasjonskanalar for Hardangerrådet og kommunane/herada.

Trykte publikasjonar eller digitale løysingar.

Kommunane har tidlegare gjeve ut informasjonsbrosyrar i samarbeid med næringslivet i kommunen. Det vart drøfta kva plattform ein skal satsa på framover. Det er stor pågang om støtte til ulike private publikasjonar/magasin som vert utgjevne.

Kva informasjon er det kommunane treng utgje i den nærmaste framtid.

Vedtak:

Hardangerrådet avviser tilbod om utgjeving av informasjonsbrosyrer slik det er lagt føre i saksutgreiing.

HR-sak 34/16 Høyningsuttale frå Hardangerrådet til Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan.

Vedtak:

Hardangerrådet vedtar slik uttale til Skule- og tilbodsstruktur for framtida. Rullering av skulebruksplanen 2012 – 2025:

I høve planar for dei vidaregåande skulane i Hardangerregionen har Hardangerrådet følgjande kommentarar:

Det er viktig at framtidig skulestruktur vert utforma slik at flest mogeleg kan gjennomføra studiet i vidaregåande skule utan å måtte flytta heimefrå. Erfaring viser at dette medverkar til å redusera fråfall og styrka dei gode skolemiljøa.

Kvam VGS:

Studietilbodet for faget bygg og anlegg (BA) må styrkjast og verta ein del av studietilbodet ved den nye Kvam vidaregåande skule. Dette vert svært viktig for å sikra tilfredsstillande rekruttering til denne delen av næringslivet. Ein ny kombinert skule i Norheimsund frå 2026 vil også verta ein styrke for regionsenteret. Hardangerrådet vil likevel tilrå ei raskare realisering av ny skule i Norheimsund.

Studietilbodet påbygg (PB) må verta tatt inn som tilbod ved Kvam vgs.

Odda VGS:

Odda vgs. har hatt idrettsfag som studietilbod kvart år sidan 1977. Odda vgs. har medverka til eit godt, fagleg og sterkt samarbeid med dei andre skulane med idrettsliner i Hordaland.

I skulebruksplanen og tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane for skuleåra 2017-30, er idrettsfag i Odda føreslått nedlagt, saman med fleire andre tilbod ved skulen. Dette gjer ein sjølv om tilbodet ved skulen vert svekka, og trongen for elevplassar er til stades. Det er samstundes i skulebruksplanen lagt vekt på at elevane skal unngå å måtte flytte vekk for å

gå på skule når dei er 16 år. For elevar i vår region som ynskjer å gå på idrettsfag vert Voss det nærmeste alternativet, og då vert pendletida nær 2 timer kvar veg. Dette er i fylgje høyringsutkastet ikkje rekna som forsvarleg.

Ved Odda vgs. har ein klart å få til gode organisatoriske løysingar for idrettsfag, i tett samarbeid med studiespesialiserande, og det er med på styrke mangfaldet ved skulen. Det styrker og fagtilbodet ved ST. Ein klasse med 15 elevplassar vil truleg vera det som vi realistisk kan fylle opp kvart år, med andre ord tilpassa behovet. Det var og det skulen fekk tilsegn om frå Helse- og opplæringsutvalet hausten 2014.

Studietilbodet må tilpassast næringslivet sine behov. Det er sterkt satsing på reiseliv med opplevelingsturisme, og elevar frå idrettsfag vil kunna verte viktige bidragsytarar i dette arbeidet. Det er i dag har mellom 25 og 30 lærlingar rekruttert frå programområda kjøretøy, industriteknologi og kjemi- og prosessfag og om lag 20 lærlingar innanfor elektro- og byggfaga. Ein reknar ikkje med at talet på lærlingar vil bli redusert i dei nærmaste åra. Når ein tillegg har erfart at nesten alle desse lærlingane, er rekrutterte frå Odda vidaregåande skule, vil det få store negative konsekvensar dersom ein legg ned nokre av dei eksisterande skuletilboda innanfor byggfag og innanfor TIP-området. TIP-området må styrkjast for å dekka det framtidige behovet for fagarbeidarar i industrien. Dei vedtekne investeringane på dei to store bedriftene saman med anna byggeaktivitet, vil føra til stor etterspurnad etter fagfolk innanfor bygg og anleggsvirksemada.

Hardangerrådet vil sterkt tilrå at Odda VGS også framover opprettheld dei studietilbod som skulen har i dag.

Hjeltnes VGS, Ulvik

Hardangerrådet rår til at det vert arbeidd vidare med å oppretthalde pedagogiske aktivitetar og bevare kompetansen på Hjeltnes. Der er kjent at søkartall til Hjeltnes vgs har vore svingande, men med ein skule med 3 «bein», vidaregåande opplæring, fagskule og produksjonsskule innan same kompetanseområde, vil ein oppnå stabilitet og ein synergieffektene føreslegne «avvikling» av Hjeltnes VGS i 2017 må erstattast med ein offensiv satsing på vidareutvikling av skulen og området. Hordaland fylkeskommune har ubrukta øyremerka midlar knytt til utvikling av Hjeltnes.

Hjeltnes har unike moglegheiter innan gartner, blomsterdekoratør og anleggsgartner faga. Menneske og kunnskap kan flyttast, men plantar, uteareal og naturen kan ikkje flyttast. Det er ikkje tilfeldig at pionerar etablerte Hjeltnes gartnereskulen i 1901. Fylkeskommunen har vore med å vedlikehalde dette og bidra til kompetanseauke og regionalutvikling.

HR-sak 35/16 Søknad om tilskot til turneprosjekt i Hardanger, Det norske Teateret og Noregs Ungdomslag

Vedtak:

Hardangerrådet støttar Turneprosjekt i Hardanger v/ Det Norske Teateret og Noregs Ungdomslag med kr 50.000,-
Finansiering frå Kraftlinjemidlane – Hardangerrådsprosjekt.

HR-sak 36/16 Orienterings- og drøftingssaker

- Orientering om organisering og finansiering av tenester etter BRB.
- Orientering om Regionalt veikart for industriutvikling
- Orientering om Smart Brønn teknologi Senter

- Orientering om Hagefest på Gamlehaugen 25. juni
- Skattekontor – endringar.
- Nye oppgåver for større kommunar
- Kommunelova – Høyring Frist 1. oktober MRK Innspel frå rådmannsforum.
- Revisjon forvaltningslova Høyringsfrist 15. september
- Skyss til Hagefest 25. juni.
- Telenor 4G-nett møter i regionen. Dekningsområder MRK Hardangervidda.
- Orientering om veteranbåt på Hardangerfjorden

Møteboka godkjent 16.06.2016.

Jon Larsgard
Rådsordførar

Ingebjørg Winjum
Rådsmedlem

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsvaraordførar